Oslo	79	77	81	82
Stavanger	50	48	56	38
Trondheim	97	96	90	92

Kommunerevisjon

Kommunene velger selv enten internt ansatt kommunerevisor, IKS eller ekstern revisjon gjennom konkurranse. 50 kommuner har i dag ekstern revisor.

Mener privatisering var «særdeles vellykket»

Den private revisjonen i Bergen er så vellykket at politikerne har tatt revisjon av dagsordenen, ifølge ekstern evalueringsrapport.

Bortsett fra en kort innkjørringsperiode og enkelte merknader til forvaltningsrevisjonen, konkluderer Bergen kommune med at konkurranseutsettingen av revisjon har vært særdeles vellykket. Etter fire år med BDO og Deloitte som leverandører av henholdsvis regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, leverte Rogaland Revisjon IKS en større

evaluering som også inneholder intervjuer med administrasjonen, kontrollutvalget og bystyrepolitikkerne. Bortsett fra Rødts representant i bystyret melder alle seg tilfredse.

- I 2012 ble dagens ordning vedtatt med knappest mulig margin i bystyret. Men det daværende mindretallet gir i dag ikke uttrykk for at man ønsker seg tilbake til tidligere ordning. Revisjonsordningen er i dag ikke på den politiske agendaen, noe som må tolkes som en tillitserklæring

til dagens ordning, oppsummerer Cicel T. Aarrestad i Rogaland Revisjon IKS.

- Ordningen fungerer, så dette er ikke lenger et politisk spørsmål, sier Dag Skansen (H), leder av komité for finans, kultur og næring i Bergen fram til høsten 2015.

Administrasjonen oppgir at det skjedde en markant endring til det bedre ved omleggingen i 2012 og at man opplever «en helt annen verden» med den nye revisjonsordningen.

Sekretariatsleder Ole Hopperstad i bystyrets kontrollutvalg, som har den tetteste kontakten med revisorleverandørene, sier at evalueringsrapporten gir et riktig bilde.

- Vi har bevisst valgt en modell hvor to revisjonsselskaper har hvert sitt oppdrag for oss. I tillegg kan vi avtale spesifikke kontroller fra revisorene. Dette sikrer at revisjonsselskapene ikke kan få gjennom noe i kontrollutvalget som ikke er på plass, sier Hopperstad.

STAVANGER: ROLF E. HANSEN

A1. Konsern -Nøkkeltall og adm., styring og fellesutg. - grunnlagsdata

Funksjon 110

		2012	2013	2014	2015
1106 Haugesund	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	1025	1325	1272	1371
1134 Suldal	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	672	874	839	672
1135 Sauda	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	479	450	301	548 156
1145 Bokn	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	180	245	284	287
1146 Tysvær	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	401	524	538	558
1149 Karmøy	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	1033	1359	1069	1492
1151 Utsira	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	185	227	176	217
1160 Vindafjord	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	698	791	772	784 964
1211 Etne	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	486	571	593	540
1216 Sveio	Brutto driftsutgifter, funksjon 110	559	376	440	550
		2012	2013	2014	2015
1106 Haugesund	Folkemengde i alt	35753	36099	36538	36951
1134 Suldal	Folkemengde i alt	3872	3881	3892	3903
1135 Sauda	Folkemengde i alt	4745	4760	4756	4710
1145 Bokn	Folkemengde i alt	865	868	865	865
1146 Tysvær	Folkemengde i alt	10487	10668	10857	10925
1149 Karmøy	Folkemengde i alt	41118	41753	42062	42187
1151 Utsira	Folkemengde i alt	209	211	206	200
1160 Vindafjord	Folkemengde i alt	8615	8747	8765	8788
1211 Etne	Folkemengde i alt	4040	4057	4103	4106
1216 Sveio	Folkemengde i alt	5400	5463	5509	5593
		2012	2013	2014	2015
1106 Haugesund	Styring og kontroll pr innbygger	29	37	35	37
1134 Suldal	Styring og kontroll pr innbygger	174	225	216	172
1135 Sauda	Styring og kontroll pr innbygger	101	95	63	140 33
1145 Bokn	Styring og kontroll pr innbygger	208	282	328	332
1146 Tysvær	Styring og kontroll pr innbygger	38	49	50	51
1149 Karmøy	Styring og kontroll pr innbygger	25	33	25	35
1151 Utsira	Styring og kontroll pr innbygger	885	1076	854	1085
1160 Vindafjord	Styring og kontroll pr innbygger	81	90	88	90 110
1211 Etne	Styring og kontroll pr innbygger	120	141	145	132
1216 Sveio	Styring og kontroll pr innbygger	104	69	80	98



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 04.07.2016

Vår ref.: 2016/8362

Arkivnr.:

Vindafjord kommune
Rådhuset
5580 Ølen

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Vindafjord kommune 3. og 7. oktober 2016

Tilsynet har heimel i lov om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 10.

Tema for tilsynet

Tema for tilsynet er Vindafjord kommune si oppfylling av pliktene etter § 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen vil undersøke om Vindafjord i tråd med krava i lov og forskrift kan dokumentere at kommunen har:

- ein heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- gjennomført øvingar
- eit system for opplæring av tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evaluert øvingar og ekstraordinære hendingar.

Deltaking

Frå Fylkesmannen møter fylkesberedskapssjef Reidar Johnsen (revisor), juridisk rådgivar Tage A. Eriksen (revisor) og seniorrådgivar Grete Flåten (revisjonsleiar).

Vi ber om at følgjande møter frå kommunen:

- ordførar
- rådmann
- beredskapskoordinator
- informasjonsansvarleg
- kommunaldirektør eller tilsvarande med ansvar for kommuneplan
- arealplanleggjar
- eventuelt andre som er sentrale i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse eller beredskapsplan.

Dokumentasjon

Vi ber kommunen sende denne dokumentasjonen til Fylkesmannen innan **5. september 2016**:

- heilskapleg ROS-analyse

VEDLEGG SAK 18/16-31

- dokumentasjon på handsaming av heilskapleg ROS-analyse i kommunestyret
- invitasjon til eksterne aktørar om deltaking i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse
- langsiktige mål, strategiar og prioriteringar for samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet i Vindafjord kommune
- plan for oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap i kommunen, og dokumentasjon på at planen er følgt opp gjennom tiltak (til dømes i økonomiplan eller andre dokument)
- kommunen sin overordna beredskapsplan
- plan for helse og sosialberedskap og smittevernplan, inkludert pandemiplan
- beredskapsplan for vassforsyninga og siste tilsynsrapport frå Mattilsynet på dette området
- samfunnsdelen av gjeldande kommuneplan
- kommunen sin planstrategi
- evalueringsrapporter frå uønskte hendingar som har skjedd etter sist tilsyn i kommunen, og dokumentasjon på eventuelle system/prosedyrar for å følgje opp slike hendingar
- evalueringsrapportar frå øvingar som er gjennomført etter sist tilsyn
- eventuelle rapportar frå kommunen sin eigenkontroll om samfunnstryggleik og beredskap
- organisasjonskart for kommunen
- namn og stilling på personar som kommunen meiner er aktuelle for intervju, sjå lista ovanfor.

De kan gjerne sende oss dokumentasjonen elektronisk. Kontaktinformasjon er nedanfor. Dersom dokument eller deler av dokument er unntatt offentleg innsyn, ønskjer vi om å bli varsla om dette.

Rammer for tilsynet

Fylkesmannen hadde rettleiingsmøte i februar med kommunane som får tilsyn dette året. Vindafjord deltok på dette møtet. Sjølv tilsynet blir gjennomført etter systemrevisjonsmetoden så langt det høver. Først går vi gjennom dokumentasjon frå kommunen. På første tilsynsdag 3. oktober er det opningsmøte og intervju. Sluttmøtet (omtrent 45 minutt) ønskjer vi 7. oktober. Etter tilsynet lagar Fylkesmannen rapport med eventuelle avvik frå lov- og forskrift.

Praktisk informasjon

Om dagane for tilsynsbesøket ikkje passar, ber vi kommunen foreslå nye tidspunkt. Vi ber og om at kommunen peiker ut kontaktperson for tilsynet.

Etter at vi sett gjennom grunnlagsmaterialet vil vi komme tilbake med detaljert program og tidsplan for tilsynet. Vi reknar med at kommunen stiller lokale til disposisjon for opningsmøte, intervju og sluttmøte. Om mogleg ønskjer vi at utstyr til bruk av PowerPoint er tilgjengeleg i opningsmøtet. Vi har med oss eigen datamaskin.

Eventuelle spørsmål kan rettast til revisjonsleiar Grete Flåten; grete.flaten@fylkesmannen.no, telefon 51 56 88 36 /975 02 448.

Med helsing

Lone M. Solheim
avdelingsdirektør

Grete Flåten
revisjonsleiar/seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Grete Flåten
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 36
E-post: fmrogfl@fylkesmannen.no



Representantskapet

Skjold 31.10.16

**INNKALLING TIL MØTE I REPRESENTANTSKAPET
HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK
TORSDAG 1. DESEMBER 2016 KL 15.00-17.00**

Det innkalles til møte i representantskapet for Haugaland Interkommunale Miljøverk, jf. §8 i loven og §10 i vedtekten **torsdag 01.12.16 kl 15.00-17.00 på Toraneset Miljøpark.**

Saksdokumentene blir sendt ut i uke 46. Det bes om tilbakemelding innen 16.11. dersom det er saker til eventuelt.

Dersom noen ikke kan møte, ber vi om å bli varslet snarest over tlf 52 76 50 50 eller e-post: gro.staveland@him.as

Følgende representanter innkalles:

Bokn	Kari Christensen, Krovågen 19, 5561 Bokn
Bokn	Kjetil Vatnaland, 5561 Bokn
Etne	Ordfører Siri Klokkestuen, Postboks 54, 5591 Etne
Etne	Varaordfører Ingemund Berge, Silde, 5590 Etne
Haugesund	Gudrun Caspersen, Haugaleite 22 b, 5515 Haugesund
Haugesund	Nini Hæggernes, Fredrik Kolstøs gate 10, 5532 Haugesund
Haugesund	Synnøve Lunde, Fridtjof Øvrebøs gate 21, 5532 Haugesund
Haugesund	Arne Trygve Løvvik, Rindå 3, 5533 Haugesund
Tysvær	Ordfører Sigmund Lier, Postboks 94, 5575 Aksdal
Tysvær	Varaordfører Ola S. Apeland, Tysværvegen 608, 5570 Aksdal
Vindafjord	Ordfører Ole Johan Vierdal, Rådhuset, 5580 Ølen
Vindafjord	Varaordfører Steinar Skartland, Vikevegen 1641, 5568 Vikebygd

Innkallingen sendes også til:

Haugaland kontrollutvalgssekretariat (kun pr. e-post)

Styreleder i HIM, Arild Karlsen, Torbjørn Sandviks veg 10, 5584 Bjoa

Varamedlemmer som varsles og kan bli innkalt ved forfall:

Bokn	Jørgen Thuestad, 5561 Bokn
Etne	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Ekrheim, 5590 Etne
Haugesund	Tor Inge Eidesen, Haglandsvegen 139, 5514 Haugesund
Tysvær	Anita Halsnes, Førresdalen 20, 5563 Førresfjorden
Vindafjord	Wenche Sandbekken Lilleland, Fjellgardsvegen 884, 5583 Vikedal

Følgende deltakerkommuner er varslet:

Bokn kommune, ordføreren, 5561 Bokn

Etne kommune, ordføreren, Postboks 54, 5591 Etne

Haugesund kommune, ordføreren, Postboks 2160, 5504 Haugesund

Tysvær kommune, ordføreren, Postboks 94, 5575 Aksdal

Vindafjord kommune, ordføreren, 5580 Ølen

Innkalling

Evt. merknader til innkallingen

Valg av protokollfører

Valg av 2 representanter til å underskrive protokollen

Godkjenning av saksliste

Referat- og orienteringssaker

16.06 Protokoll fra møte i representantskapet 25.05.16

16.07 Orientering om HIM pr november 2016 ved Gro Staveland

16.08 Orientering om regnskap pr september 2016 samt andre nøkkeltall ved økonomileder
Knut Arvid Hagenberg


Vedtakssaker:

16.09 Budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020

16.10 Retningslinjer for arbeid og godtgjørelse knyttet til interkommunalt klageorgan i HIM

Eventuelt:

Sigmund Lier
Leder i representantskapet



Gro Staveland
Adm direktør

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	16.11.16	19/16
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «BARNEVERNET»

Saksvedlegg: brev frå rådmannen, dagsett 08.11. 16

Bakgrunn:

I plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 for Vindafjord kommune var revisjon av Barnevernet eit av dei prioriterte områda.

Kontrollutvalet starta hausten 2014 ein prosess med å gjennomføra ein slik revisjon. Utvalet gjorde på møte i november 2014 vedtak om at revisor skulle utarbeidde ein prosjektplan. I møtet 25.02.15, sak 05/15 blei prosjektplanen framlagd og utvalet tinga ein forvaltningsrevisjonsrapport frå KPMG AS med følgjande føremål og problemstillingar:

Føremål:

Føremålet med revisjonen vil vere å undersøke om kommunen har ei tenleg styring og organisering av barnevernseininga – og om krav til sakshandsaming vert etterlevd. Vi vil undersøke om barnevernet har etablerte rutinar som gjer at krav til handsaming av bekymringsmeldingar og undersøkingar vert fylgt. Vi vil og sjå på omfang av saker, internt i kommune og samanlikna med andre.

Det er og eit føremål at forvaltningsrevisjonen skal gje tilrådingar om forbetringstiltak, dersom forbettringsområde blir identifisert.

Problemstillingar:

Forvaltningsrevisjonen skulle gje svar på fylgjande fire problemstillingar:

1. I kva grad føreligg det ei tenleg styring og organisering av barnevernet i kommunen?

Her vil vi mellom anna svare på fylgjande:

- a. I kva grad har kommunen etablert eit tilfredsstillande system for styring og oppfølging av barnevernstenesta?*
- b. Korleis har det interkommunale samarbeidet påverka organiseringa av barnevernet?*
- c. Er det tilstrekkelig med kompetanse og kapasitet i barnevernstenesta?*

2. Korleis var omfanget av saker ved barnevernet i kommunen i 2014?

Her vil vi mellom anna svare på fylgjande:

- a. Kor mange henvendelsar fekk barnevernet i løpet av året?*
- b. Kor mange meldingar gjekk vidare til undersøking og deretter tiltak?*
- c. Kva var årsakene til at saker blei henlagt?*
- d. Kor stort omfang hadde kommunen av klagesaker og/ eller tilbakemeldingar frå brukarar?*
- e. Kva er ev. årsak til vesentlege endringar frå føregåande år?*

3. Korleis har utviklinga av sentrale nøkkeltal vore i Vindafjord kommune, samanlikna med andre kommunar?

Her vil vi mellom anna sjå på:

- a. Omfanget av henvendelsar/ saker?*
- b. Kostnadsnivået?*
- c. Kva er årsaka til ev. vesentlege endringar i Vindafjord kommune?*

4. For bekymringsmeldingar: I kva grad har barnevernet formaliserte rutinar/ system for mottak og handsaming, samt gjennomføring av undersøkingar og etablering av tiltak?

Her vil vi mellom anna svare på fylgjande:

- a. I kva grad blir rutinane fylgt i praksis?*
- b. I kva grad er rutinar/ praksis i tråd med lovkrav knytt til handsaming?*

Rapporten blei framlagd i møtet 09.09.15, sak 14/15 og revisor hadde følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

Det har vore eit føremål å foreslå forbetringstiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkja forbetringspotensiale. Basert på våre funn og vurderingar tilrår vi fylgjande:

- *Tilsette ein fagressurs for rettleiing og intern kvalitetssikring*
 - *Fagressursen kan med fordel ha eit særleg fokus på å bygge opp og sikre kompetansen ytterlegare i barnevernseininga*
- *Sørge for at alle tilsette blir gjort kjent med – og fylgjer - rutinane, og få på plass eit system som gjer at desse blir gjennomgått med nyttilsette, vikarar og tilsette som kjem tilbake frå permisjon.*
- *Ha eit særleg fokus på å ta tak i saker som har gått over lovpålagt sakshandsamingstid – og jobbe målretta mot å få ned sakshandsamingstida*
- *Bruke risikoanalysen aktivt i arbeidet med å betre tenestene og setje i verk tiltak der det er naudsynt.*
- *Oppmode alle tilsette om å bruke avvikssystemet for å kontinuerlig kunne identifisere nye, moglege risikoar.*

- *Evaluerer det interkommunale samarbeidet og den nye organiseringa etter ei tid, for å sjå om det fungerer etter hensikta.*

Kommunestyret handsama rapporten i møtet 20.10.15, sak 69/15 og gjorde følgjande vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om « Barnevernet» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Tilbakemelding

I brevet om oppfølging av rapporten, datert 08.11.16 har rådmannen gjort greie for korleis rapporten har blitt følgt opp. Brevet er vedlagt saka.

Rådmannen har svara på alle tilrådingane i rapporten, og han vil kunne utdjupa sine svar i møtet. Utvalet må sjølv vurdere om rådmannen har følgt opp tilrådingane på ein tilfredsstillande måte.

Rådmannen har gitt følgjande svar på tilrådingane:

5.3.2.1 Etablere stabil leiing i eining

Leining er på plass. En reknar med endringar i 2017 grunna permisjon.

5.3.2.2 Tilsette ein fagressurs for rettleiing og intern kvalitetssikring.

Det er tilsett fagleiar i tenesta.

5.3.2.3 Jobbe målretta for å få ned sakshandsamingstida.

Status når det gjeld sakshandsamingsfristar er framleis ikkje tilfredsstillande, men utviklinga går i rett retning (sjå vedlegg). Alle meldinger vert avklart innan fristen på ei veke. Undersøkelsene har det vore stor auke på dei siste månadane som gjer at tenesta må prioritere blant sakene og gjere tiltak for å auka i kapasitet.

5.3.2.4 Vektlegge og legge til rette for rettleiing og intern kvalitetssikring, bygge opp og sikre kompetansen ytterlegare i barnevernseininga.

Sakshandsamarane får jevnleg rettleiing etter oppsett plan. Tenesta har jobba målretta med å få ned sjukefråvær og sikre kompetanse. Sjukefråveret i barneverntenesta i 3 kvartal var 1,4 %.

5.3.2.5 Evaluerer det interkommunale samarbeidet og den nye organiseringa i 2016.

Det gjennomføres månedlege status møter med Etne kommune, der hovedfokus er rapportering på økonomi, generell drift og nøkkeltall for tenesta. Samkøyring av kultur og praksis i den samanslåtte barneverntenesta er ferdigstillt men ein jobber vidare i høve til dei tenestene barneverntenesta samhandlar med i begge kommunane. Ein planlegg og vil evaluere av den interkommunale samarbeidsavtalen i februar 2017.

5.3.2.6 *Sørgje for at alle tilsette blir gjort kjent med- og følgjer- rutinane, og få på plass eit system som gjer at desse blir gjennomgått med nytilsette, vikarar og tilsette som kjem tilbake frå permisjon.*

Sakshandsamarane får jevnleg rettleiing etter oppsett plan.

5.3.2.7 *Bruke risikoanalysen aktivt i arbeidet med å betre tenestene, og setje i verk tiltak der det er naudsynt.*

Risikoanalysen som er gjennomført nyttast i det daglege arbeidet.

5.3.2.8 *Oppmode alle tilsette til å bruke avvikssystemet for kontinuerleg å kunne identifisere nye, moglege risikoar.*

Dette er tatt opp som eigne saker i personalmøte både i august og september, der ein m.a. oppmoda dei tilsette til å nytta avvikssystemet i RISK. Dette punktet vart det ikkje rapportert på i tertialrapport .

Rådmannen skriv også at:

«Fylkesmannen har hatt tilsyn i barneverntenesta in 2016, seinast i veke 44. Fylkesmannen sin rapport frå tilsynet vert ettersendt».

Sekretariatet sine kommentarar:

I følgje Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner § 12 heiter det at:

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandling av rapporter skal følges opp.

Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»

Det ligg ikkje til utvalet å fastsetje kva måte administrasjonen vel å følge opp avvik/svakheiter på, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melde vidare til kommunestyret dersom saker etter utvalet si meining ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Utvalet må sjølv vurdere om dei meiner administrasjonen har følgt opp revisor sine tilrådingar på ein tilfredsstillande måte. Utvalet må også vurdere om dei ønskjer at kommunestyret får oppfølgingssaka som ei orienteringssak eller som ei sjølvstendig sak.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport om «Barnevernet» til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering, eller som eigen sak.

Aksdal, 09.11.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 09.11.16
Journalført: 16/424/096
Arkivkode: 216

Haugaland kontrollutvalgssekretariat

TILBAKEMELDING FORVALTNINGSRAPPORT BARNEVERN

Viser sak i kommunestyret 20.10.2015.

Vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport om «Barnevernet» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Revisor har følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

Det har vore eit føremål å foreslå forbetringstiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekka forbettringspotensiale. Basert på våre funn og vurderingar tilrår vi følgjande:

- Tilsette ein fagressurs for rettleiing og intern kvalitetssikring
- Fagressursen kan med fordel ha eit særleg fokus på å bygge opp og sikre kompetansen ytterlegare i barnevernseininga.
- Sørge for at alle tilsette blir gjort kjent med – og fylgjer - rutineane, og få på plass eit system som gjer at desse blir gjennomgått med nyttilsette, vikarar og tilsette som kjem tilbake frå permisjon.
- Ha eit særleg fokus på å ta tak i saker som har gått over lovpålagt sakshandsamingstid – og jobbe målretta mot å få ned sakshandsamingstida.
- Bruke risikoanalysen aktivt i arbeidet med å betre tenestene og setje i verk tiltak der det er naudsynt.
- Oppmode alle tilsette om å bruke avvikssystemet for å kontinuerlig kunne identifisere nye, moglege risikoar.
- Evaluere det interkommunale samarbeidet og den nye organiseringa etter ei tid, for å sjå om det fungerer etter hensikta.

Rådmannen har frå hausten 2015 og i 2016 arbeidet med konklusjonane i rapporten med utgangspunkt i vedtak i kommunestyret 20.10.15 i sak 69/15.

Som svar på vedtaket i kommunestyret la Rådmannen fram følgjande i Tertialrapport pr. 31.august 2016 under Rammeområdet Helse og sosialomsorg, under Barneverntenesta:

Strategiar og tiltak for 2016

5.3.2.1 Etablere stabil leing i eining

Leing er på plass. En reknar med endringar i 2017 grunna permisjon.

5.3.2.2 Tilsette ein fagressurs for rettleiing og intern kvalitetssikring.

Det er tilsett fagleiar i tenesta.

5.3.2.3 Jobbe målretta for å få ned sakshandsamingstida.

Status når det gjeld sakshandsamingsfristar er framleis ikkje tilfredstillande, men utviklinga går i rett retning (sjå vedlegg). Alle meldinger vert avklart innan fristen på ei veke. Undersøkelsene har det vore stor auke på dei siste månadane som gjer at tenesta må prioritere blant sakene og gjere tiltak for å auka i kapasitet.

5.3.2.4 Vektlegge og legge til rette for rettleiing og intern kvalitetssikring, bygge opp og sikre kompetansen ytterlegare i barnevernseininga.

Sakshandsamarane får jevnleg rettleiing etter oppsett plan. Tenesta har jobba målretta med å få ned sjukefråvær og sikre kompetanse. Sdjukefråværet i barneverntenesta i 3 kvartal var 1,4 %.

5.3.2.5 Evaluera det interkommunale samarbeidet og den nye organiseringa i 2016.

Det gjennomføres månadlege status møter med Etne kommune, der hovedfokus er rapportering på økonomi, generell drift og nøkkeltall for tenesta. Samkøring av kultur og praksis i den samanslåtte barneverntenesta er ferdigstilt men ein jobber vidare i høve til dei tenestene barneverntenesta samhandlar med i begge kommunane. Ein planlegg og vil evaluera av den interkommunale samarbeidsavtalen i februar 2017.

5.3.2.6 Sørgje for at alle tilsette blir gjort kjent med- og fylgjer- rutinane, og få på plass eit system som gjer at desse blir gjennomgått med nytilsette, vikarar og tilsette som kjem tilbake frå permisjon.

Sakshandsamarane får jevnleg rettleiing etter oppsett plan.

5.3.2.7 Bruke risikoanalysen aktivt i arbeidet med å betre tenestene, og setje i verk tiltak der det er naudsynt.

Risikoanalysen som er gjennomført nyttast i det daglege arbeidet.

5.3.2.8 Oppmode alle tilsette til å bruke avvikssystemet for kontinuerleg å kunne identifisere nye, moglege risikoar.

Dette er tatt opp som eigne saker i personalmøte både i august og september, der ein m.a. oppmoda dei tilsette til å nytta avvikssystemet i RISK. Dette punktet vart det ikkje rapportert på i tertialrapport .

Fylkesmannen har hatt tilsyn i barneverntenesta in 2016, seinast i veke 44. Fylkesmannen sin rapport frå tilsynet vert ettersendt.

Med helsing

Kristian Birkeland
Rådmann

Øistein Lande Gunnarshaug
Kommunalsjef

SAMLERAPPORT FOR KONTROLLSKJEMAENE VED INNSENDELSE

Kommune: 1160 Vindafjord

Kvartal: 3. kvartal

Dato: 01.07.16 – 30.09.16

Antall skjema totalt: 19

Antall innsendte skjema totalt: 9

Antall skjema hvor det påberopes utvidet undersøkelsesfrist:

Antall oversittelser av frist for gjennomgang av meldinger: 0

Fordelt på antall dager:	1-5
	6-10
	11-20
	Over 20

Antall oversittelser av undersøkelsesfristen: 9

Fordelt på antall dager:	1-5	
	6-15	
	16-30	4
	31-60	4
	61-90	1
	Over 90	

Kommentar:

Tjenesten har arbeidet målrettet for å øke kapasiteten og ferdigstille saker på en forsvarlig måte. Den inkluderer at frister holdes.

På tross av økt kapasitet opplever vi utfordring med å nå målene. Først og fremst handler det om saksmengden. Vi har per i dag 39 undersøkelser i gang. 19 i Vindafjord og 20 i Etne. For Etne sin del betyr det at 50% av alle aktive klienter er i undersøkelsesfasen. Tallene indikerer at tjenesten må planlegge for en tilsvarende vekst i tiltak og omsorg innen kort tid.

Dato: 02.10.16

Signatur:

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	16.11.16	20/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING OM FRAMLEGGET TIL BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2018-2020

Bakgrunn:

Kontrollutvalet deltar ikkje i sjølve behandlinga av kommunen sine økonomirapporter. Men som kommunens tilsynsorgan bør kontrollutvalet følgje med i utviklinga av kommunen si løypande drift. Det bør derfor være fast praksis at kontrollutvalet får seg forelagt dei økonomirapporter som blir lagt fram for kommunestyret til orientering. Eventuelle kommentarar til rekneskapet frå kontrollutvalet si side vert gjeve i samband med handsaminga av årsrekneskapen til våren.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Utvalet er i sitt arbeid kun underlagt kommunestyret, ikkje rådmannen. Framlegget kan derfor bare endrast politisk. Rådmannen legg fram sitt forslag til saldert budsjett med heimel i kommunelova §§ 44-48 og KDR si forskrift frå 15.12.00

Budsjett 2017 og økonomiplan 2018-2020:

Budsjettframlegg for 2017 og økonomiplan 2018-2020 er lagt ut på kommunen si nettside www.vindafjord.kommune.no eller kan hentast på rådhuset.

Budsjettframlegget inneheld rådmannen sine kommentarar, kommentarar frå organisasjonen, ulike budsjettskjema, tiltaksliste, hovudoversikt og detaljbudsjett for ansvarsområda. Budsjett og økonomiplan vart endeleg handsama av kommunestyret på møtet i desember.

Framlegg til budsjett og økonomiplan vil bli gjort greie for i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kontrollutval tar rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017 og økonomiplan 2018-2020 til orientering.

Aksdal, 09.11.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	16.11.16	21/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «SAMHANDLINGSREFORMA»

Saksvedlegg: «Samhandlingsreforma» – prosjektplan frå Deloitte AS

Saksorientering:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar.

Utvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 07.09.16, i sak 13/16:

Vindafjord kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Samhandlingsreforma» i neste møte.

Revisor skriv at arbeidet med prosjektet vil kunne starte opp i desember 2016 og anslår at rapporten vil kunne leverast våren 2017. Tidsrammen for prosjektet blir på 230 timar. Det meste av arbeidet vil gjerast i 2017 og dermed verta utgiftsført i 2017. Utvalet må gå utifrå at framlegget til budsjett for forvaltningsrevisjon blir på same nivå som tidligare, og i samsvar med utvalet sitt budsjettframlegg. I framlegget er det budsettert med 250 timar til forvaltningsrevisjon.

Det er så langt i 2016 bestilt prosjekter for ca. 175 timar. Det gjeld arbeidet med analysar og planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:


Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Samhandlingsreforma» i samsvar med vedlagte prosjektplan (og med dei endringane som kjem fram i møtet).

Oppdraget tingast frå Deloitte AS innafor ei rame på 230 timar.

Aksdal, 09.11.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær



Forvaltningsrevisjon | Vindafjord kommune

Samhandlingsreforma

Prosjektplan

Oktober 2016

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet 7.9.2016, i sak 13/16 utarbeidd prosjektplan for forvaltningsrevisjon av samhandlingsreforma i Vindafjord kommune.

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om Vindafjord kommune har ein føremålstenleg oppfølging av samhandlingsreforma og om kommunen har etablert ordningar i samsvar med samhandlingsreforma sine føresetnader.

Med bakgrunn i føremålet er det formulert følgjande problemstillingar:

1. I kva grad har Vindafjord kommune utarbeidd målsettingar for implementering av samhandlingsreforma, og på kva måte blir målsettingane følgt opp?
2. Er pleie- og omsorgstenestene i Vindafjord kommune organisert på ein føremålstenleg måte for å ivareta kommunen sine nye oppgåver som følgjer av samhandlingsreforma?
Under dette vil vi undersøke:
 - a. Har kommunen tilstrekkelege førebyggjande tiltak for å bidra til å redusere behovet for sjukehusinnlegging?
 - b. Har kommunen tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å ta imot utskrivingsklare pasientar?
 - c. I kva grad betalar kommunen for overliggerdøgn?
 - d. Er kommunale døgnplassar for augeblikkeleg hjelp oppretta, og i kva grad blir desse nytta dersom dei er oppretta?
3. Har Vindafjord kommune etablert eit føremålstenleg system for samhandling mellom kommunen og helseføretaket som sikrar tilstrekkeleg oppfølging av pasientar før, under og etter sjukehusopphald?
Under dette vil vi undersøke:
 - a. Har kommunen eit føremålstenleg samarbeid med helseføretaket?
 - b. Har kommunen etablert system for god og sikker informasjonsutveksling med sjukehuset?
 - c. Blir eventuelle avvik knytt til informasjonsutveksling mellom kommune og sjukehus registrert og følgt opp på ein systematisk måte?
4. Kva økonomiske konsekvensar har samhandlingsreforma fått for Vindafjord kommune?
Under dette vil vi undersøke:
 - a. Utgifter knytt til sjukehusopphald
 - b. Tilpassing av pleie- og omsorgstilbod

1.3 Avgrensingar

I prosjektet vil det vere fokus på den delen av helse- og sosialtenestene som per i dag er omfatta av samhandlingsreforma, dvs. tenestene som primært ytes til eldre og pleietrengande i kommunen og som blir omfatta av § 3-2, punkt 5 og punkt 6 bokstav a-d i helse- og omsorgstenestelova. Revisjonen vil ikkje omfatte tenester knytt til rus- og psykiatri.

2. Revisjonskriterium

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriterium i form av lovar, rettsregler og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Lista med kriterium under er ikkje utømmende for det som kan vere relevant for prosjektet. Andre kriterium vil kunne kome til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

2.1 Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester

Samhandlingsreforma, som blei iverksett 1. januar 2012, medførte endringar i sentrale lovverk som regulerer kommunen sin tenesteproduksjon, og det blei innført ny Helse- og omsorgstenestelov og Folkehelselov.

Det kommunale ansvaret for helse- og omsorgstenester er nedfelt i helse- og omsorgstenestelova og det går frem følgjande om føremålet med lova:

Lovens formål er særlig å:

1. forebygge, behandle og tilrettelegge for mestring av sykdom, skade, lidelse og nedsatt funksjonsevne,
2. fremme sosial trygghet, bedre levevilkårene for vanskeligstilte, bidra til likeverd og likestilling og forebygge sosiale problemer,
3. sikre at den enkelte får mulighet til å leve og bo selvstendig og til å ha en aktiv og meningsfylt tilværelse i fellesskap med andre,
4. sikre tjenestetilbudets kvalitet og et likeverdig tjenestetilbud,
5. sikre samhandling og at tjenestetilbudet blir tilgjengelig for pasient og bruker, samt sikre at tilbudet er tilpasset den enkeltes behov,
6. sikre at tjenestetilbudet tilrettelegges med respekt for den enkeltes integritet og verdighet og
7. bidra til at ressursene utnyttes best mulig. (jf. § 1-1)

Kommunen skal i følgje lova § 3-1 sørge for at personar i kommunen, blir tilbudd nødvendige helse- og omsorgstenester. Dette omfattar eit ansvar for å tilby alt frå helsefremjande og førebyggjande tenester til plass på institusjon/ sjukeheim, jf. § 3-2:

3-2. Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester

For å oppfylle ansvaret etter § 3-1 skal kommunen blant annet tilby følgende:

1. Helsefremmende og forebyggende tjenester, herunder:
 - a. helsetjeneste i skoler og
 - b. helsestasjonstjeneste
2. Svangerskaps- og barselomsorgstjenester
3. Hjelp ved ulykker og andre akutte situasjoner, herunder:
 - a. legevakt,
 - b. heldøgns medisinsk akuttberedskap og medisinsk nødmeldetjeneste
4. Utredning, diagnostisering og behandling, herunder fastlegeordning
5. Sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering
6. Andre helse- og omsorgstjenester, herunder:
 - a. helsetjenester i hjemmet,
 - b. personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt,
 - c. plass i institusjon, herunder sykehjem og
 - d. avlastningstiltak.

Vidare går det fram av regelverket at helse- og omsorgstenester som blir tilbudd eller ytt etter denne lova skal vere forsvarlege. I § 4-1 om «Forvarlighet» går det fram at:

Kommunen skal tilrettelegge tjenestene slik at:

- a. den enkelte pasient eller bruker gis et helhetlig og koordinert helse- og omsorgstjenestetilbud,
- b. den enkelte pasient eller bruker gis et verdig tjenestetilbud,
- c. helse- og omsorgstjenesten og personell som utfører tjenestene blir i stand til å overholde sine lovpålagte plikter og
- d. tilstrekkelig fagkompetanse sikres i tjenestene.

I kommentarar til reglane om rett til naudsynt helsehjelp går det fram at «Nødvendige helse- og omsorgstjenester må ses i sammenheng med kravet om forsvarlige tjenester (...).»

Kommunen kan bestemme på kva måte helsehjelpen skal gis, men hjelpen må uansett vere forsvarleg ut frå ei medisinsk og sjukepleiefagleg vurdering. Dette betyr at ein til dømes ikkje kan krevje ein plass på ein sjukeheim dersom naudsynt og forsvarleg helsehjelp etter ein helsefagleg vurdering kan gis i heimen eller i omsorgsbolig.

2.2 Kommunal planlegging

Kommunar er pålagt å planlegge verksemda si. Det går fram av kommunelova § 5 at «kommunen skal utarbeide en samordnet plan for den kommunale virksomhet.» Kommunen sin plikt til, og føremål med å utarbeide planar går også fram av plan- og bygningslova § § 3-2, 3-3 og 11-2, andre ledd.

Planlegginga skal fremje heilhet ved at sektorar, oppgåver og interesser på eit område blir sett i samanheng gjennom samordning og samarbeid om oppgåveløysning mellom sektormyndigheter og mellom statlege, regionale og kommunale organ, private organisasjonar og institusjonar, og allmenta, jf. plan- og bygningsloven § 3-1.

2.3 Samhandlingsreforma

Samhandlingsreforma trådte i kraft 1. januar 2012 og har som mål å bidra til at alle får rett behandling, til rett tid og på rett stad. I St. meld. 47 «Samhandlingsreformen» tas det utgangspunkt i tre sentrale utfordringar innanfor helse- og omsorg.

1. Mangel på tilstrekkelig koordinerte tenester
2. For liten innsats på å forhindre og førebygge sjukdom
3. Demografisk utvikling som kan true samfunnets økonomiske bæreevne («eldrebølge»)

Samhandlingsreforma inneber auka innsats for det førebyggjande helsearbeidet, som skal bidra til mindre press på etterspurnaden etter spesialiserte helsetenester. I tillegg er samhandlingsreforma meint å bidra til at kommunane skal ha ansvar for mest mogleg av pleie- og omsorgstilbodet til innbyggjarane, slik at spesialisthelsetenesta berre skal drive dei spesialiserte tenestene. Reforma har som føremål å sikre betre samhandling mellom sjukehusa og kommunane om enkeltpasientar og pasientgrupper.

I samband med samhandlingsreforma er intensjonen at kommunane skal opprette kommunale tilbod før, i staden for og etter sjukehusopphald. Det ligg spesielt incentiver knytt til å redusere andelen «utskrivingsklare pasientar», behandling av medisinske pasientar ved somatiske sjukehus, og augeblikkeleg hjelp innleggingar.

Blant dei mest sentrale verkemidla i samhandlingsreforma er:

- Kommunalt betalingsansvar for utskrivingsklare pasientar
- Økt innsats på folkehelsearbeid og førebygging i helse- og omsorgstenesta
- Lovpålagt samarbeidsavtale mellom kommunar og regionale helseføretak
- Ny kommunal plikt til å tilby døgnopphald til pasientar med behov for augeblikkeleg hjelp

Kommunalt betalingsansvar

Kommunalt betalingsansvar for utskrivingsklare pasientar inneber at kommunane overtar det finansielle ansvaret for utskrivingsklare pasientar på sjukehus frå første dag. Målet er å hindre at utskrivingsklare pasientar blir liggande på sjukehus og vente fordi kommunen deira ikkje har eit tilbod til dei.

Samarbeidsavtaler

Helse- og omsorgstenestelova §§ 6-1 og 6-2 viser til kommunen sin plikt til å inngå samarbeidsavtaler med det regionale helseføretaket, og beskriver krav til avtalene. Helse- og omsorgsdepartementet har også utarbeidd ein nasjonal rettleiar for samarbeidsavtalene. Avtalene kan bli undertekna aleine eller saman med andre kommunar. Føremålet med samarbeidsavtalene er å skape eit meir heilskapleg tilbod av helse- og omsorgstenester for pasientane og brukarane. Samarbeidsavtalene skal konkretisere oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom kommunar og helseføretak, samt etablere gode rutinar for samarbeid på sentrale samhandlingsområde.

Kommunalt tilbod om augeblikkeleg hjelp

Samhandlingsreforma har som mål å bygge ut tenester der folk bur, og derfor blei det frå og med 2016 også stilt krav om at kommunane skal tilby døgnopphald for augeblikkeleg hjelp. Dette er ein oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta til kommunane. Plikta omfattar i første omgang somatiske pasientar. Utgiftene skal fullfinansierast gjennom overføring av midlar frå dei regionale helseføretaka sine basisbevillingar. Berekninga av midlar har tatt utgangspunkt i historisk forbruk av augeblikkeleg hjelp-plassar, og midlane er fordelt etter same fordelingsnøkkel som er brukt til utskrivingsklare pasientar og kommunal medfinansiering.

3. Metode

Oppdraget vil bli utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001).

3.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og brukt som revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk m.m. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

3.2 Intervju

Revisjonen ønskjer å gjennomføre intervju med utvalde personar som arbeider med oppgåver knytt til samhandlingsreforma i kommunen. Det vil vere aktuelt å snakke med kommunalsjef for helse og omsorg, leiarar for kommunen sine to sjukeheimar/omsorgssenter og leiar for heimetenestene i kommunen. I tillegg er det aktuelt å intervju ein eller to personar som jobbar ved korttidsavdeling ved sjukeimene og som har mykje pasientkontakt, ein tilsett som jobbar med tildeling av tenester innanfor pleie- og omsorg, samt kommunen sin økonomisjef eller andre med ansvar for økonomien innanfor helse og omsorg og hovudverneombod i helse og omsorg. Vi reknar med å gjere eit utval på om lag 7-9 personar.

3.3 Statistikk

Revisjonen vil nytte statistikk frå KOSTRA i arbeidet med revisjonen. I KOSTRA er det ei rekke indikatorar som visar utvikling innanfor helse- og omsorgssektoren i kommunen. Revisjonen vil også etterspørje eventuell eigen statistikk eller oversikter kommunen har utarbeidd i samband med samhandlingsreforma.

3.4 Verifiseringsprosessar

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjuja for verifisering. Det er informasjon frå det verifiserte intervjuet som vil bli nytta i rapporten. Faktadelen i rapporten vil bli sendt til rådmannen for verifisering. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdel og forslag til tiltak, bli sendt til rådmannen for uttale. Rådmannen sin uttale vil bli vedlagt den endelege rapporten.

4.Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Prosjektleder for prosjektet vil være Marit Brochmann (manager). I tillegg vil Marianne Kulstad (seniorkonsulent) være med i prosjektet. Dei vil saman gjere operativt arbeid i form av dokumentinnsamling, gjennomføring av intervju og spørjeundersøking, analysearbeid og utarbeiding av rapport. Stein Ove Songstad vil være ansvarleg partner på oppdraget.

4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis det skal bli gjennomført, er det stipulert at det vil ta 230 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data i høve til revisjonskriterium, utarbeiding og kvalitetssikring av rapport.


Tidsestimatet inkluderer ikkje førebuing og presentasjon av rapport i kommunestyret. Ein slik presentasjon vil bli fakturert per forbruk, opptil 8 timar.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil være desember 2016 og rapporten vil bli sendt på høyring til rådmannen innan utgangen av april 2017. Rapporten vil være klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av mai 2017, eller etter avtale med kontrollutvalet. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det naudsynt at kommunen innan avtalte fristar sender all etterspurt dokumentasjon, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju, samt at kommunen innan avtalte fristar gir tilbakemelding på rapportutkast i samband med verifisering og høyring.

Oslo, 27.10.2016



Stein Ove Songstad, ansvarleg partner

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	16.11.16	22/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

FRAMLEGG TIL MØTEPLAN FOR 2017

Saksvedlegg:

1. Oversiktskalender 2017
2. Politisk møteplan for Vindafjord kommune 2017

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i tidligere møtefrekvens (4 møter pr. år) er det sett opp framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2017. Dersom det vert behov kan det også kallast inn til ekstramøter. Det er opp til utvalet å bestemma møtedag og tidspunkt. Framlegget er satt opp med utgangspunkt i tidligere praksis med fast møtedag på onsdagar, kl. 15.00.

Saksorientering:

På møtet om våren handsamar alltid kontrollutvalet kommunen si årsmelding og rekneskap. I følgje forskriftene kan ikkje formannskapet gjera vedtak i denne saka før den er handsama i kontrollutvalet. Dato for dette møtet vil derfor alltid vera avhengig av når det er planlagt handsaming av årsmelding og rekneskap i formannskapet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Vindafjord vedtar følgjande møteplan for 2017:

MØTE	TIDSPUNKT
Onsdag 22. februar	Kl. 15.00
Onsdag 3. mai	Kl. 15.00
Onsdag 13. september	Kl. 15.00
Onsdag 22. november	Kl. 15.00

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Aksdal, 09.11.16



Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

Oversiktskalender 2017 - Vindafjord

Januar 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
52							1
1	2	3	4	5	6	7	8
2	9	10	11	12	13	14	15
3	16	17	18	19	20	21	22
4	23	24	25	26	27	28	29
5	30	31					

5 ● 12 ○ 19 ● 28 ●

Februar 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
5			1	2	3	4	5
6	6	7	8	9	10	11	12
7	13	14	15	16	17	18	19
8	20	21	22	23	24	25	26
9	27	28					

4 ● 11 ○ 18 ● 26 ●

Mars 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
9			1	2	3	4	5
10	6	7	8	9	10	11	12
11	13	14	15	16	17	18	19
12	20	21	22	23	24	25	26
13	27	28	29	30	31		

5 ● 12 ○ 20 ● 28 ●

NKRF-konf.
1-2/2

April 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
13					1	2	
14	3	4	5	6	7	8	9
15	10	11	12	13	14	15	16
16	17	18	19	20	21	22	23
17	24	25	26	27	28	29	30

3 ● 11 ○ 19 ● 26 ●

Mai 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
18	1	2	3	4	5	6	7
19	8	9	10	11	12	13	14
20	15	16	17	18	19	20	21
21	22	23	24	25	26	27	28
22	29	30	31				

3 ● 10 ○ 19 ● 25 ●

Juni 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
22			1	2	3	4	
23	5	6	7	8	9	10	11
24	12	13	14	15	16	17	18
25	19	20	21	22	23	24	25
26	26	27	28	29	30		

1 ● 9 ○ 17 ● 24 ●

PKT-konf
i Tromsø
7-8/6

Juli 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
26					1	2	
27	3	4	5	6	7	8	9
28	10	11	12	13	14	15	16
29	17	18	19	20	21	22	23
30	24	25	26	27	28	29	30
31	31						

1 ● 9 ○ 16 ● 23 ● 30 ●

August 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
31		1	2	3	4	5	6
32	7	8	9	10	11	12	13
33	14	15	16	17	18	19	20
34	21	22	23	24	25	26	27
35	28	29	30	31			

7 ○ 15 ● 21 ● 29 ●

September 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
35					1	2	3
36	4	5	6	7	8	9	10
37	11	12	13	14	15	16	17
38	18	19	20	21	22	23	24
39	25	26	27	28	29	30	

6 ○ 13 ● 20 ● 28 ●

11/9-Veiledning

Oktober 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
39							1
40	2	3	4	5	6	7	8
41	9	10	11	12	13	14	15
42	16	17	18	19	20	21	22
43	23	24	25	26	27	28	29
44	30	31					

5 ○ 12 ● 19 ● 28 ●

November 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
44			1	2	3	4	5
45	6	7	8	9	10	11	12
46	13	14	15	16	17	18	19
47	20	21	22	23	24	25	26
48	27	28	29	30			

4 ○ 10 ● 18 ● 26 ●

Desember 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
48					1	2	3
49	4	5	6	7	8	9	10
50	11	12	13	14	15	16	17
51	18	19	20	21	22	23	24
52	25	26	27	28	29	30	31

3 ○ 10 ● 18 ● 26 ●

- 1. jan Nyttårsdag
- 21. jan Prinsesse Ingrid Alexandra, 13 år
- 6. feb Samefolkets dag
- 12. feb Morsdag
- 14. feb St. Valentines dag
- 21. feb Kong Harald, 80 år
- 26. feb Fastelavn
- 20. mar Vårjevndøgn
- 21. mar Offisielt vårjevndøgn
- 26. mar Sommertid start
- 9. apr Palmesøndag
- 13. apr Skjærtorsdag
- 14. apr Langfredag

- 16. apr 1. påskedag
- 17. apr 2. påskedag
- 1. mai Off. høgtidsdag
- 8. mai Frigjøringsdag 1945
- 17. mai Grunnlovsdag 1814
- 25. mai Kr. Himmelfartsdag
- 4. jun 1. pinsedag
- 5. jun 2. pinsedag
- 7. jun Unionsoppløsning 1905
- 21. jun Sommersolverv
- 23. jun Jonsokaften
- 4. jul Dronning Sonja, 80 år
- 20. jul Kronprins Haakon, 44 år
- 29. jul Olsokdagen

- 19. aug Kronprinsesse Mette-Marit, 44 år
- 22. sep Høstjevndøgn
- 29. okt Sommertid slutt
- 31. okt Halloween
- 5. nov Allehelgensdag
- 12. nov Farsdag
- 3. des 1. søndag i advent
- 13. des Luciadagen
- 21. des Vintersolverv
- 25. des 1. juledag
- 26. des 2. juledag

handsamast. Elles er formannskapsmøta foreslått til tysdagar. Det er nå to møte som er på dei same dagane som Fylkesutvalet. Dette er Kommunestyret den 19. september og Formannskapet den 17. oktober.

I møteplanoppsettet er det merka med **raudt** dei dagane møta i FS, DUK og OPOM ikkje fell på sine «ordinære» møtedagar.

Det er i utkastet foreslått same tal møte som i 2016.

I utkastet er det tatt omsyn til vinterferien i skulane i veke 9 og haustferien i skulane i veke 41.

Handsaming av tertialrapportar pr. 30. april og 31. august er også, som tidlegare år, tatt omsyn til.

I samband med budsjettprosessen foreslår rådmannen at han den 31. oktober, same dag som møte i kommunestyret, legg fram ein samla presentasjon av sitt budsjettframlegg. Dette opplegget er likt som i 2016.

Rådmannen har drøfta møteplanen for 2017 med ordføraren og har på denne bakgrunn laga utkast til møteplan for 2017.

Rådmannen ser også at det, som i 2016, kan vera behov for ein heil dags budsjettseminar og har foreslått dato for eit slikt seminar. Seminaret er tatt inn i utkastet.

Utkastet vart lagt fram for drøfting i formannskapet 18.10.16. Formannskapet hadde ikkje merknader til utkastet.

Vurdering:

Rådmannen foreslår på bakgrunn av ovannemnde fylgjande møteplan for KS, FS, DUK og OPOM for 2017:

Møte	Møtetid	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.
KS	Kl. 1630		21.		4.	23.	20.		19.	31.*		19.
FS	Kl. 1400		7.	21.		9.	onsdag 7.		5.	17.	måndag 6. onsdag 29.	
DUK	Kl. 1400		6.	20.		8.	tysdag 6.		4.	16.	27.	
OPOM	Kl. 1300		tysdag 7. kl. 0830	20.		8.	tysdag 6.		tysdag 5. kl. 0830	16.	27.	
Bud- sjett- semi- nar	Heil dag						måndag 12.					

*I tilknytning til møtet vert det felles presentasjon av rådmannen sitt budsjettframlegg.

Kommunestyret har i møte 29.10.13, sak 064/13, vedtatt politisk delegeringsreglement, der det i pkt. 11.10 heiter:

Ordføraren vert gitt fullmakt til å endra møtetider og møtedagar for kommunestyre og formannskap og faste utval.